



## ÅRSMELDING FOR IL Jotun turngruppe 2021

- **Styret si samansetning**

Leiar: Stian Bye 2021

Nestleiar: Marianne Vee Hellebø 2021-2022

Kasserar: Ruth Laberg 2020-2021

Styremedlem: Andre Laberg 2021-2022

Styremedlem: Ingeborg Hjelle 2020-2021

Styremedlem: Annbjørg Lereng 2020-2021

Styremedlem: Kristin Eldegard: 2021 – 2022

- **Grupper – utval - komitear**

Anleggskomite: Stian Bye og Ruth Laberg

Sportsleg utval turngruppa: Leiar Sofie Moen, Marianne V. Hellebø, Veronica Hellebø, Kristin Strand, Stian

Listhaug og Marita Lindborg

Sportsleg utval IL Jotun: Sofie Moen

- **Møter og tilstelningar**

Antal Styremøte: 2

Antal møter i sportsleg utval turn: 4

Antal møter i anleggskomite: 6

Antal inntekstgjevande arrangement: hatt loddsal til juleoppvisning, som vart utsatt pga korona.

Ruth Laber deltok på Idrettens Møteplass, Vestland Idrettskrins i Sogndal hausten 2021.

- **Saker**

Den aller viktigaste saka har vore å jobba med fleirbrukshall. Det går seint, men godt, framover. Mange avtalar skal på plass før me kjem så lang at den kan realiserast. Årdal idrettsråd har laga anbefaling på at hallen skal ligga i Øvre i nær tilknytning til idrettsanlegg og vidaregåande skule. Fylkeskommunen har sagt seg villige å gi tomte tilbake til kommunen vederlagsfritt. Det ligg ein kostnad i å løyse ut bygninga som ligg på tomte.

Arbeid med koronavettreglane, slik at borna fekk trent på ein trygg og forsvarleg måte.

Har jobba med IK og HMS.

Arbeid med ROS- analyse av turnhallen.

- **Medlemstal**

Totalt antal aktive: 166 (203)

Antal aktive mellom 5-12 år: 119

Antal aktive mellom 13-19 år: 25

Antal medlemmar mellom 19-25 år: 1

Antal medlemmar mellom over 25: 21

- **Utdanning**

Det vart halde kurs i trossgymnastikk i november 2021 turngruppa.. Der deltok 7 personar frå Jotun.

- **Særforbund**

Norges Gymnastikk og turnforbund

- **Økonomi:**  
Omsetning i gruppa: kr 167.257,- (138.695,-)  
Resultat: kr 30.791,- (- 11.567,-)
- **Stemner, konkurransar, rekordar**  
Både barneturnstemnet og KM vart avlyst. Ungdomsgjengen vår deltok på Buskerudtrampetten med flotte resultat og kom heim med ein 8. plass i trampett.
- **Mottekne midlar**  
Årdal Kjemiske fagforeining, Fordeling sponsor, LAM midlar og treningsavgift.
- **Anlegg**  
Trenar i Agnitiohallen og Årdalshallen
- **Oppgåver i året som kjem**  
Jobbe med aktiviteten i gruppa. Eit spesielt fokus på breidda og redusere fråfallet.  
Utdanne nye, og auke kompetansen til etablerte trenarar. Utdanne dommarar.  
Jobbe med anlegg, slik at me får på plass ein fleirbrukshall. Jobbe vidare med Rein klubb og Trygg på trening. Dette i saman med alle dei andre gruppene i Jotun.  
Førstehjelpskurs til trenarane i samarbeid med Norsk Folkehjelp Årdal.  
Innføre ROS-analyse i gruppa, så det blir eit nyttig hjelpemiddel.  
Gjennomføre utsatt «juleoppvisning» med lotteri.  
Arbeide med å få turnstemne i Årdal i 2023.  
Innkjøp av nytt utstyr.
- **Evt. Eksterne tillitsverv**  
Sofie Moen, troppsutvalet i nye Vestland turnkrets.  
Ingeborg Hjelle er leiar i Sogn og Fjordane symjekerins.

### Aktivitet i gruppene :

#### G2013

Turn G2013 består av 10 ivrige gutar som helst ville gå rett på back på første turntrening. Store ambisjonar og mål, og innsatsen er ingenting å klaga på. Prøver på trening 1 gang kvar 14 dag, og det har vore bra oppmøte på alle treningar.

Jobbar fortsatt med ein del basisøvingar, så kjem guleroiti ofte på slutten av treninga, der dei øver salto på trampett.



Trenarar i denne gruppe er Joachim Mjøs og Mette Kleiva

### Jenter 2011/2012:



Dette året har me hatt felles treningar for jenter 2011-2012. Det har vore heilt oppe i 28 jenter på trening, men det har vorte litt fråfall etter kvart. Me er no ei gruppe på 22 jenter. Desse har hatt fin framgang, og viser stor iver og treningsglede. Før nyttår jobba me fram i mot juleoppvisning, og jentene gleda seg veldig. På grunn av korona, vart også dette arrangementet utsett på ubestemt tid. Me håpar no på betre tider, og at oppvisninga for føresette går som planlagt i løpet av våren.

Trenarar for desse to kulla:

Marianne V. Hellebø, Marte Winther, Veronika Bjørnerud, Kristin Eldegard, Iselin Oksholen, May Lisbeth Midtun og Tiril Stølen Moen.

Me har også hatt god hjelp i frå Asta Hetle, Mathea S. Breivik, Ailin Hellebø, Ingeborg B. Strand, Sofie Moen og Aina Heggø.

### Jenter 2009/2010:



Nok eit coronaår er passert, og i 2009/2010 gruppa har det vore mykje av og på med trening, i likhet med resten av gruppene i Jotun Turn. Men når det er sagt, så er det ingenting å seie på treningsviljen i denne gruppa. Ei samansveisa gruppe som er flinke å heia kvarandre fram, og som til tider helst ville ha overnatta i hallen mellom treningane. Jentene var klare for sin første konkurranse i november, men denne vart utsatt, på lik linje med oppvisning som dei også gleda seg til.

Me gler oss til å sjå dei på matta når den tid kjem, og at me får mange fine opplevelsar og turar ilag i året som kjem. I november fekk jentene også nye turndrakter som me håpar å snart få ta i bruk! Trenarar for gruppa er Aina Heggø, Sofie Moen og Iselin Oksholen.

### Gutar 2012:

G2012 har hatt ei jamn og stabil treningsgruppe på 7-8gutar. Treningar har blitt holdt jamt å trutt så lenge covid ikkje har stoppa oss. Ellers har me hatt trenar på sikringskurs tumbling og trampett. Bilde er frå øving til juleshow som desverre blei stoppa av covid. Trenarar er Stian Moen Listhaug og Iselin Oksholen.



### Ungdomstroppen:

Trass mykje svingningar og restriksjonar som har gjort til at me ikkje har fått dei mest stabile treningsperiodane i 2021, så har me iallefall ei stabil og god treningsgruppe på høgt nivå. Me er ca. 13-15 jenter som trenar aktivt, mot ulike individuelle mål. Til sommaren og hausten mista me nokon av seniorane våre som tok steget vidare og flytta vekk, men me er veldig nøgd med å ha halde på desse heilt til slutten. Ein skal ikkje sjå vekk ifrå at dei gjer innhopp på konkurransar og oppvisningar i året som kjem, det håpar me iallefall. I april deltok me med to juniorlag i digital konkurranse i regi av NGTF. Dette var kjekt, i ein periode der alt me skulle ellers vart avlyst. Begge laga gjorde det bra i konkurransen, og me er stolte av både innsatsen og plasseringa i ein konkurranse med veldig mange lag. Laga plasserte seg som nr. 10 og 20 i tumbling, og nr. 11 og 24 i trampett. Begge klassar hadde ca. 30 lag.

I november deltok dei eldste i troppen på det som vart deira heilt siste juniorkonkurranse. Pga. sjukdom reiste me med kun 6 gymnastar som dermed fekk litt ekstra press på seg, men gruppa ønska å gjennomføre konkurransen som dei hadde trena hardt mot. Resultatmessig enda det med ein 8. plass i trampett, som var veldig stas! Me fekk også 13. plass i tumbling, og begge er gode plasseringar i klassar med ca. 30-35 troppar. Trenarar for troppen er Aina Heggø og Sofie Moen.



Turngruppa ynskjer å takke alle som har stått på i denne krevande tida me har vore inne i. Det er viktig å ta vare på ungdomane våre. Dei er framtida vår og me ynskjer å ha dei med lenge. Anten som aktive eller som trenarar i gruppa.


Me vil og takka alle som støttar oss økonomisk. Hovedsponsorane våre Årdal Kraftlag AS, Sparebanken Sogn og Fjordane og Årdalsnett AS. Utan dykk kunne me ikkje drive den høge aktiviteten me har.


Tusen takk og til alle andre i næringslivet som støttar oss med gåver når de vert spurde om det. Framover no håpar me at me kan starte arbeidet med betre lokaliteta, som skal koma heile bygda til gode.


Me ynskjer å takke alle dei som står på for turngruppa, spesielt trenarane vår, som møter opp og brukar utallige timar av fritida si på barn og unge i idrettslaget. Tusen takk !

  
Stian Bye, leiar

  
Marianne V.Hellebø, nestleiar

  
Ruth Laberg, kasserar

  
Annbjørg Lereng, styremedl.

  
Andre Laberg, styremedl.

  
Kristin Eldegard, styremedl.

  
Ingeborg Hjelle, sekretær